

STATUSRAPPORT



12.12.17

NRK Nynorsk mediesenter

I 2017 har ni tidlegare nynorskpraktikantar fått fast arbeid i media. Fem i NRK, to i avis og to i nettaviser.

Totalt har vi lært opp 130 nynorskpraktikantar og 57 prosent av dei arbeider i media. 44 prosent er i NRK.

Nytt av året er det at vi driv nynorsk kurs for tilsette i NRK. Det er eit resultat av handlingsplanen for nynorsk i NRK, og det er språksjefen som betalar kursa.

Ni faste jobbar i 2017

– Det er ein luksus å vere vikar i NRK, men det er luksus med bismak. På dei siste 18 månadane har eg hatt 17 arbeidsavtalar, seier Martha Våge.

Medrekna Våge har ni tidlegare nynorskpraktikantar fått fast arbeid i 2017, ein på riksnettet, fire ved distriktskontor i NRK, to i avis og to i nettavis.



Martha Våge fått fast jobb i NRK. Foto: Randi Indrebø

Frå 1. januar er Martha Våge fast tilsett som «Her og No» sin Oslo-reporter i NRK P1. Ho gjekk på kull 24, våren 2016. Det er to år sidan sunnmøringen flytta til Førde for å starte på NRK Nynorsk mediesenter.

- Når eg no fekk fast jobb i «Her og No» var det ein kombinasjon av nynorsk, brei NRK-erfaring og litt flaks som gjorde at det gjekk min veg, seier Martha Våge.

– Eg visste ikkje heilt kva eg ville i NRK. Det einaste eg visste var at eg skulle jobbe med radio, og at eg ikkje skulle jobbe med nyheiter. Etter praksisen i NRK Sogn og Fjordane hadde eg ekstern praksis i P3morgen på Marienlyst og vart endå meir usikker på kva eg ville. Eg hamna i NRK P2, der eg var reporter i Kulturhuset og produsent i Spillerom, før eg vart programleiar i Studio 2 for eit halvår sidan. Det var først då eg forstod at eg likte nyheitssakene minst like mykje som kultursakene – om ikkje endå betre, seier 28-åringen.

Ho meiner den interne søkjeretten ho fekk gjennom NRK Nynorsk mediesenter har vore viktig for at ho fekk fast jobb. No ser ho for seg å lære så mykje som mogleg gjennom vikariatet i Dagsnytt fram til jul, og så gå inn for fullt i den nye jobben frå årsskiftet.

– Eg gler meg til å bli kjend med ein ny redaksjon, i eit nytt format i ein ny kanal. Også vart det jaggu nyheiter på meg likevel, smiler Våge.

Fekk fast jobb etter to år



To år etter at han var nynorskpraktikant, har Thomas Brakstad fått fast jobb i NRK. Foto: Rune Fossum Lillesvangstu

Thomas Brakstad (28) er tilsett som journalist i distriktsredaksjonen til NRK Sogn og Fjordane.

- Eg har aldri hatt fast jobb, så det er litt spesielt. Skrekkblanda fryd, for å seie det slik, smiler Thomas Brakstad.

28-åringen gjekk på kull 23 hausten 2015, og har sidan hatt diverse vikariat i sporten før han kom til NRK Sogn og Fjordane i vikariat i januar i år. Der har han hatt dei aller fleste roller unnateke programleiar – inkludert vaksjef på alle plattformer.

Thomas Brakstad (1989) er frå Meland i Hordaland. Han byrja som frilansar i lokalavisa Strilen allereie som 16-åring. Han har vore innom sportsredaksjonane til BT, BA og VG Nett som frilansar. Seinare tok han bachelor i journalistikk ved Queensland University of Technology i Australia. Der fekk han prøve seg som reporter på TV og radio for første gong. Hausten 2015 var Brakstad på kull 23 ved NRK Nynorsk mediesenter. To år seinare har han altså fått sin første faste jobb.

- No skal eg gunne på og bidra til at redaksjonen syner godt att på riks. Dette er ei satsing her, og det har gått veldig bra den siste tida. Det må vi halde fram med, seier Brakstad.

Fast jobb i Bergens Tidende



Adalheidur Oldeide fått fast jobb i Bergens Tidende. Foto: BT

– Faste jobbar veks ikkje på tre, så det var veldig kjekt, seier Adalheidur Oldeide. Adalheidur Oldeide har fått fast jobb som journalist i Bergens Tidende. Ho er tilsett i krimavdelinga/nyhendeavdelinga

Adalheidur Audardottir Oldeide var nynorskpraktikant på kull 18, våren 2013. Ho hadde ekstern praksis i NRK Dagsnytt og har etterpå arbeidd i NRK Hordaland, Bergens Tidende og NRK Sogn og Fjordane.

Adalheidur er halvt islandsk og før ho byrja som nynorskpraktikant hadde ho arbeidd for Leger uten grenser sidan 2008. Oldeide har eit års studium i medievitskap frå Universitetet i Bergen og var aktiv som nyhendejournalist i Studentradioen medan ho studerte.

Journalist i nettavisa Porten



Snorre Sandemose har fått fast jobb i Porten. Foto: Randi Indrebø


Snorre Sandemose har fått fast jobb som journalist i nettavisa [Porten.no i Årdal](https://www.porten.no). Han gjekk på kull 26, som var ferdige i sommar, og er den fyrste av dei som får fast arbeid i media. Dei fire andre har kortare og lengre vikariat i NRK.

- Det var veldig kjekt å få ein ny sjanse i journalistikken. Arbeidsdagen min har vore å møte folk i bygda og skriva om det som skjer, eller å sitja på kontoret og skriva om aktuelle ting. Men det eg har sett er at dei sakene som byggjer på at eg har møtt folk og sett det som skjer i bygda vert lesne klart mest. Eg kjem difor til å ha eit klårare fokus på å prioritera dette frametter, og tenkja at eg er ein "Årdal-korrespondent" fyrst og fremst.

Snorre Sandemose (1983), er frå Gulen i Sogn og Fjordane. Han har bachelor i historie, med spansk som støttefag, frå Universitetet i Oslo, og ein bachelor i russisk språk og kultur frå Universitetet i Bergen. Han har gått Ingesunds Folkhøgskola i Sverige, og vidaregåande gjekk han på UWC i Sør-Afrika.

Sandemose har vore reiseleiar og guide for Escape Travel og Nytt & Nyttig. Han har leia elvecruise mellom St. Petersburg og Moskva, på Dnepr frå Kiev til Krimhalvøya, samt på Seinen, Rhinen og Donau. Han har også vore reiseleiar med tog og buss gjennom Silkevegen.

Tekstforfattar og rådgjevar i PR-operatørene.



Steinar Daltveit var nynorskpraktikant på kull 22, våren 2015. Han hadde ekstern praksis i NRK P3 og fekk sommarjobb der, både i 2015 og 2017. Har arbeidd som frilansar, mellom anna for Røde Kors og skriftlig.no, og som tekstforfattar og standupkomikar, både i Norge og USA. No har han fått jobb i PR-operatørene.

-Eg er tekstforfattar og rådgivar i PR-operatørene. Det betyr at eg skriv pressemeldingar, artiklar og annan tekst for ulike kundar. I tillegg er eg med på å komme opp med kreative idéar til PR-kampanjar, halde medietrening, filme og redigere videoar og gjennomføre intervju på vegner av kundar. Det har vore svært engasjerande å vere i PR-operatørene hittil..

Kva synest du om å gå frå journalistikk til PR-bransjen?

-For min del passa det bra å gå frå journalistikk til PR, fordi eg har erfaring som journalist i NRK og utdanning i marknadsføring frå NTNU. Både journalistikk og PR er fine bransjar for meg, for eg likar å arbeide kreativt med å formidle historier til eit stort publikum. Det har eg alltid likt. I arbeidskvardagen min har eg stor nytte av opplæringa og erfaringane som nynorskpraktikant ved Nynorsk mediesenter og som reporter og produsent i NRK P3.

Korleis er det med nynorsk i denne bransjen?

-Skal me skrive ei pressemelding eller innhald til eit nynorsk-brukande område som Sogn og Fjordane, så skriv me det på nynorsk. Og då tar eg ansvar for at grammatikken er på plass.

Kull 27 – forlet Førde



Kull 27: Arianrhod Engebø, Linda Watten, Synne Ulltang, Ådne Sandvik Dyrnesli og Borghild Andersdotter Vevle

Dei byrja på opplæringa 21. august og er ferdige med praksisen i NRK Sogn og Fjordane til jul. Frå 3. januar til 28. februar skal dei i ekstern praksis rundt om i NRK.

Arianrhod Engebø skal til P3 på Tyholt, Linda Watten til Supernytt i NRK Super, Synne Ulltang til Ekko i NRK P2, Ådne Sandvik Dyrnesli til nettredaksjonen Digital historieforteljing i NRK og Borghild Andersdotter Vevle til nettredaksjonen Superfront i NRK Super.

Ådne Sandvik Dyrnesli (1993):

- Eg tykkjer det har vore lærerikt. Tida har gått særst fort, og det har vore nok å gjera. Det har vore spanande å prøva seg på så mykje forskjellig, og på så mange forskjellige stader kringom i fylket.

Arianrhod Engebø (1994):

- Mi tid som nynorskpraktikant har vore proppa full av lærdom. Kvar dag får ein eit nytt innblikk i ei sak, eit tema, noko teknisk eller noko fagleg. Det har heilt klart vore travelt, men mest av alt utruleg gøy. Eg er skråsikker på at det eg har lært av dei flinke lærarane, sjefane og medarbeidarane på Nynorsk mediesenter og NRK Sogn og Fjordane kjem til å verte veldig viktig for meg når eg no skal ut i praksis og seinare i arbeidslivet.

Synne Ulltang (1989):

- Det har vore nokre lærerike månader, og tida i Førde har vore ei unik moglegheit til å prøve mykje kjekt.

Borghild Andersdotter Vevle (1993):

- Stikkorda for tida som nynorskpraktikant i NRK SF er: lærerikt og intenst! Det har vore mykje å setje seg inn i på kort tid, og nokre veker har det vore mange lange dagar. Men når det er sagt har det også vore veldig kjekt! Det gir eit lite kick å sjå saka si på nett eller høyre radioreportasjen sin på lufta. Å føle at ein når ut til folk er veldig motiverande. Og å få jobbe som ordentlig journalist har i alle fall gjort at eg føler eg har utvikla meg mykje på kort tid.

Så må eg skryte av gjengen som jobbar her! Alle er veldig inkluderande og hjelpsame, og det er ein fin plass å starte som journalist.

Linda Watten (1994): *-Tida i NRK har vore så spanande og lærerik! Veggen frå loftet til redaksjonen var krevjande, men det har vore SÅ kjekt og bli ein del av livet nede på desken. Me er blitt røynde på både nett, sending, tv og radio, og har dekkja alt ein kan tenkje seg. Erfaringar ein ikkje vil vera forutan!*

Kull 28

Dette er praktikantane på kull 28



Dette er nynorskpraktikantane som startar på kull 28 på nyåret: Anders Martin Helle frå Sogndal, Turid Astrid Reksten frå Florø, Sigrid Sivertsen Haugan frå Levanger, Bente Kristin Rundereim Kjøllesdal frå Utvik og Fredrik Johan Helland frå Florø.

Anders Martin Helle er 23 år gamal og kjem frå Sogndal. Han gjekk medium og kommunikasjon på vidaregåande. Så tok han eit årsstudium i film og fjersynsvitskap og han har ei bachelorgrad i dokumentarfilmproduksjon ved Høgskulen på Lillehammer.

Turid Astrid Reksten er 34 år og kjem frå Florø. Ho arbeider som feltprest i forsvaret. Ho har tenestegjort i Sjøforsvaret, Hæren (Grensevakten), Forsvarets sanitet, andre fellesavdelingar, FN og NATO. No sit ho i marinestaben i Bergen og har i haust ansvar for pastoral oppfølging av flaggfartyet i NATO sin ståande maritime styrke, SNMG1, der Noreg har styrkesjef.

Sigrid Sivertsen Haugan er 23 år gamal og kjem frå Levanger i Nord-Trøndelag. Ho er bachelorgradstudent i sosialantropologi ved NTNU Trondheim, med breddeårsfordjupning i arabisk språk og Midtausten-studier frå Birzeit University i Palestina. Nett no tek ho det siste semesteret av graden sin ved American University of Beirut, Libanon. Her blir ho fram til starten av desember.

Bente Kristin Rundereim Kjøllesdal er 27 år gamal og kjem frå Utvik i Stryn. Ho har ei bachelorgrad i historie og ei bachelorgrad i russisk språk frå Universitetet i Bergen, pluss ei mastergrad i Europeiske og amerikanske områdestudium med studieretning Russlandstudium frå Universitetet i Oslo. Inneverande haust tek ho enkeltemner hjå UiO for

å supplere og få eit endå breiare grunnlag. Ho tek difor fag om Midtausten og offentleg politikk og administrasjon i Norge.

Fredrik Johan Helland er 27 år gamal og kjem frå Florø. I dag jobbar han som innleigd hos Statoil Petroleum i Florø. Her har dei ansvar for booking av personell til og frå alle Statoil sine faste installasjonar på norsk sokkel, samt tildeling av beredskap, livbåt og lugar. Dette vendte han tilbake til etter at plikttjenesta hans hos Avinor gjekk ut desember 2016. Då hadde han arbeidd i Finnmark i 14 månadar. Helland har også bakgrunn som tidlegare politisk aktiv, mellom anna har han vore leiar for Flora Unge Høgre og bystyrerepresentant i Flora kommune.

Det var 21 søkjarar til kull 28, og ti av dei inne til konferanse. Kull byrjar på i opplæringa i Førde 3. januar 2018. Her ventar det fire månadar med opplæring og praksis, før praktikanttida vert avslutta med to månadar med praksis i andre redaksjonar i NRK.

Suksess med språkkurs



Her er to av dei nøgde kursdeltakarane; Elin Helgheim og Synnøve Horvei, saman med Noralv Pedersen (f.v.) og Rune Fossum Lillesvangstu.
Foto: Bjørg Langeland

I samarbeid med språksjefen og NRK Sogn og Fjordane tok Nynorsk mediesenter hausten 2017 initiativ til å gjennomføre nynorsk kurs for redaksjonar internt i NRK. Bakgrunnen for dette var «Handlingsplan for nynorsk 2017-2018», der det vert tilrådd kurs for å styrkje nynorskkompetansen i NRK. Det første kurset vart skipa 5. desember 2017 for NRK Hordaland (DK og riks) i Bergen.

Til saman 18 medarbeidarar i NRK Hordaland møtte opp på dei to tre-timars språkkursa (føremiddag og ettermiddag). Fleire av desse var bokmålsbrukarar eller folk som hadde bokmål som hovudmålform. Kurset var ein kombinasjon av førelesing, plenumsdrøftingar og øvingar. Emna for kurset var NRK sitt ansvar for nynorsk, nynorskrettskrivinga 2012, kjenneteikn på ein god nynorsktekst, bokmålssmitte, korrekt språk og godt språk. Det var øvingar undervegs.

På begge kursa var engasjementet stort og innspela frå deltakarane mange.

Evalueringsskjema viser at deltakarane gir språkkurset gjennomgåande positiv tilbakemelding. Dette er nokre av kommentarane:

"Inspirerende og strukturert. Godt pedagogisk opplegg!", "konkrete tips", "fin repetisjon av grammatikk", "god stemning", "nyttig også for bokmålfolk", "dyktige folk", "eg fekk lyst til å skriva meir nynorsk", "ope for innspel og spørsmål heile vegen er bra", "veldig kjekt", "mange aha-opplevingar", "lærerikt og enkelt å hengje med", "nynorsk kan være veien til konkret og god journalistikk", "god oppfrisking av 'gamal' kunnskap", "alle, uansett målform, bør gå på slike kurs".

-Eg prøver å vri hjernen og tenkje om eg nokon gong før medan eg har jobba i NRK har vore på noko som liknar på eit språkkurs, men nei... Eg har sjølvsagt lese språkbrev i alle år. Det er ikkje det at eg føler meg mindre verdsett som NRK-medarbeidar som brukar nynorsk, men eg føler at det verkeleg er opp til meg sjølv å arbeide med språket, og det er lite vi nynorsk-brukarar får utan å vere veldig flinke sjølv. Derfor var det nesten litt fantastisk å få eit kurs midt i arbeidstida der vi vart inviterte til å tenkje høgt saman omkring språket generelt og nynorsk spesielt. Og ein må ikkje vere nynorskbrukar for å ha glede av dette kurset. Bokmålsfolk må og kunne nynorsk, særleg i NRK, og dessutan er godt og tydeleg språk ei like viktig oppgåve på begge målformer, seier kursdeltakar Elin Helgheim.

Fleire andre redaksjonar har allereie signalisert ønske om å få kurset, som vert leia av kurshaldarane Noralv Pedersen (NRK Sogn og Fjordane) og Rune Fossum Lillesvangstu (NRK Nynorsk mediesenter).

-Dette er bra! Det er språksjefen som betaler for kurset, så søknad om å arrangere liknande kurs går til meg eller Ragnhild Bjørge, skriv språksjef Ingvild Bryn på workplace.

Skreiv bok om idrettsheltar



Rune Fossum Lillesvangstu opnar den første kassen frå trykkeriet Foto: Randi Indrebø

Faglærer Rune Fossum Lillesvangstu har dei siste to åra jobba med eit bokprosjekt, og hausten 2017 gav han ut boka "50 idrettsheltar frå Sogn og Fjordane". Boka vart gitt ut på Selja Forlag i Førde, og har eit opplag på 2000. Boksleppet vart lagt til Idrettens møteplass i Sogndal 11. november, og vart omtalt av dei fleste lokalavisene i Sogn og Fjordane.

Boka omhandlar 50 av dei største idrettsheltane frå Sogn og Fjordane gjennom tidene, og spenner heilt frå langdistanseløparen Mensen Ernst på 1700-talet og fram til dagens idrettsprofilar som Johannes Thingnes Bø og Anders Fannemel. Rune Fossum Lillesvangstu hadde permisjon for å jobbe med bokprosjektet i store delar av april, men har elles jobba med skrivning i helgar og på kveldstid.

Kvar vert nynorskpraktikantane av?

Per 1. desember 2017 har vi sendt frå oss 130 nynorskpraktikantar og 57 prosent av dei arbeider i media, 44 prosent av dei er i NRK. Totalt har 58 tidlegare nynorskpraktikantar fast arbeid i media, 46 av dei arbeider i NRK.

Vi har tidlegare nynorskpraktikantar i ulike radio- og fjernsynsprogram, på nettet og i sosiale medium. Døme: Dagsnytt, Dagsrevyen, Utanriks, Sporten, NRK Super, NRK Supernytt, P3-nyhenda, Ekko i P2, og i Norgesglasset, Kveldsåpent og Natradioen i P1.

Vidare ved distriktskontora i Finnmark, Troms, Nordland, Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland, Telemark, Oppland og i Østlandssendinga.

Det er også journalistar med bakgrunn herifrå som er nyhenderedaktør i Nationen, redaktør i Porten.no, nyhendeanker i TV 2, gjestebookar i Senkveld i TV 2, og journalistar i Vest-Telemark blad, Møre-Nytt, Telemarksavisa, Drammens Tidende, Porten.no, og frontredigerar i Dagens Næringsliv.

Andre arbeider som informasjonsfolk, rådgjevarar og tekstforfattarar i til dømes: Valdirektoratet, Språkrådet, Kirkens Nødhjelp, Røde Kors, Skatt Vest, Norges Bondelag, Norske Kunstforreningar, Sp si stortingsgruppe, Netlife Research og PR-operatørene.

I statusrapportar som denne tek vi berre med dei fem siste kulla. Dei andre finn du på nettsida www.nynorskmediesenter.no. Der skal vi vere oppdaterte på kvar dei er, så sant dei sjølve hugsar å melde frå om byte av arbeid og studium.

Kull 26: 4. januar – 30. juni 2017.



Aleksander **Båtnes** (1992) er vikar i NRK Møre og Romsdal. Wibeke **Bruland** (1984) er vikar i NRK Finnmark. Snorre **Sandemose** (1983) er fast tilsett journalist i nettavisa Porten.no i Årdal. Sigrid Sørungård **Botheim** (1985) er vikar i NRK Telemark. Espen **Breivik** (1992) vikar i Økopol i NRK Nyhende.

Kull 25: 22. august 2016 – 28. februar 2017.



Marte Iren Noreng **Trøen** (1990) er vikar i P3nyhenda på Tyholt. Anders Tesdal **Galtung** (1993) studerer rettsvitenskap ved Universitetet i Stavanger og Krista Lien **Indrehus** (1989) går på Skrivekunstakademiet i Hordaland. Josef Benoni Ness **Tveit** (1997) studerer samfunnsvitenskap ved Høgskulen på Vestlandet, i Sogndal, og Kathrine **Nygård** (1993) er programleiar i programmet "Skolefri" i NRK Super.

24: 4. januar – 30. juni 2016



Martin **Torstveit** (1992) er fast tilsett i NRK Telemark, Martha **Våge** (1989) er fast tilsett som journalist i Her og No, i Oslo. May-Helen **Rolfsnes** (1993) studerer nordisk ved Universitetet i Bergen. Solveig **Svarstad** (1989) og Aleksander **Åsnes** (1990) er fast tilsette journalistar i NRK Sogn og Fjordane.

Kull 23: 24. august 2015 – 29. februar 2016



Kjersti Anderdal **Bakken** (1990) er fast tilsett i magasinredaksjonen i NRK P1, på Tyholt. Thomas **Brakstad** (1989) er fast tilsett som journalist i NRK Sogn og Fjordane, Line Omland **Eilevstjønn** (1993) studerer sosialantropologi ved Universitetet i Oslo. Elise Sundfør **Erdal** (1986) er lærar i vaksenopplæringa i Oslo og Even **Lusæter** (1979) er fast tilsett i NRK Hedmark og Oppland.

Kull 22: 4. januar – 30. juni 2015



Bård Holmen **Solvik** (1985) er fast tilsett som nettredaktør i Valdirektoratet. Olav Åsen **Haugsgjerd** (1988) er fast tilsett som journalist i Vest-Telemark blad, Gunhild **Årdal** (1987) er student og lærar. Steinar **Daltveit** (1989) er fast tilsett som tekstforfattar i PR-operatørene. Signe Fuglesteg **Luksengard** (1990) er tilkallingsvikar i NRK Supernytt, frilansar og fotograf.

NRKs rekrutteringsprogram gjev **prioritet**

Heilt sidan 2008 har NRK hatt reglar om prioritet til stillingar for dei som går dei strategiske rekrutteringsprogramma, NRK Nynorsk mediesenter og NRK FleRe. Grunnen til at NRK driv desse tiltaka er trongen for fleire nynorskbrukarar og fleirkulturelle medarbeidarar.

Gjeldande formuleringar vart vedtekne i direktørmøte 1. oktober 2013, i retningslinene for bemanningskontroll. Her er grunnregelen med kommentarar og utdjujingar:

NRK Nynorsk mediesenter og NRK FleRe er strategiske rekrutteringstiltak fordi vi ønsker et økt antall ansatte og vikarer som snakker nynorsk eller har flerkulturell bakgrunn. Søkere fra FleRe-prosjektet og Nynorsk mediesenter betraktes som interne søkere i tre år etter gjennomført program, og de skal gis prioritet til ansettelse i stillinger de er fullt ut kvalifisert for.

Det samme gjelder for praktikantordningen i NRK Sàpmi. De samme reglene for lovlig midlertidig ansettelse gjelder for disse som for andre midlertidige.

Kommentarer og utdyping: Dette innebærer at vi til tross for bemanningskontroll fortsatt har som mål å øke andelen nynorskbrukere og flerkulturelle redaksjonelle medarbeidere i bedriften. Søkere fra våre strategiske tiltak har følgende muligheter:

- De kan søke og ansettes i internt utlyste stillinger, men allerede fast ansatte prioriteres foran dem.
- Eksterne ansettelse i faste stillinger må godkjennes i direktørmøtet. Dette gjelder ikke ved ansettelse av kandidater fra Nynorsk mediesenter eller FleRe, da disse regnes som interne.
- Ved eksternt utlyste stillinger skal de prioriteres til stillinger de er fullt ut kvalifisert for foran vikarer og andre eksterne søkere.

Formulering ved *interne* utlysingar: Sommaren 2015 vart det bestemt at når NRK lyser ut stillingar internt så skal det stå i utlysingsteksten at berre fast tilsette og kandidatar frå NRK FleRe og NRK Nynorsk mediesenter kan søke på desse stillingane. Formuleringa lyder slik:

På grunn av dagens bemanningssituasjon i NRK er det berre fast tilsette medarbeidarar og kandidatar frå NRK FleRe og NRK Nynorsk mediesenter som kan søkje på denne stillinga.

FAKTA OM TRE SYSTERTILTAK:

NRK Nynorsk mediesenter – for rekruttering og opplæring av nynorskbrukande journalistar for some, nett, radio og fjernsyn. 10 praktikantar i året. Drive av NRK sidan 2004. Samlokalisert med NRK Sogn og Fjordane i Førde. Senteret er modell for dei to andre. Leiar: Magni Øvrebotten

NRK FleRe – for rekruttering og opplæring av fleirkulturelle journalistar for nett, radio og fjernsyn. Fem praktikantar i året. Drive av NRK sidan 2008, samlokalisert med NRK Østlandssendinga, Oslo. Leiar: Marianne Mikkelsen.

Nynorsk avissenter – for rekruttering av nynorskbrukande journalistar for nett og avis. Åtte-ti praktikantar i året. Starta hausten 2013. Kom inn på statsbudsjettet i 2015. Nynorsk avissenter er samlokalisert med avisa Firda i Førde. Leiar: Ivar Myklebust Longvastøl.

Samarbeider om kurs og førelesingar

NRK Nynorsk mediesenter og Nynorsk mediesenter samarbeider mellom anna om gjesteførelesarar i ulike emne om nynorsk som mediespråk, journalistikk og etikk.

Sidan hausten 2015 har vi invitert journalistar i Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal til å delta på utvalde kurs/gjesteførelesingar. I 2017 nytta 14 journalistar seg av tilbodet, i tillegg til at 34 journalistar var med på eit ope føredrag med Klassekampen-redaktør Bjørgulv Braanen i regi av NRK Nynorsk mediesenter og Nynorsk avissenter.